

Klage på avslag om dispensasjon-garasje/ bod- gnr.7 bnr.69

Me klager med dette på vedtaket om å få satt opp garasje/ bod på gnr.7 bnr. 69, Kjeksevegen 54.

Kommunen skriv at ved å få satt opp bygget vil det bli ytterlegare overskriding av BYA og at boda vil gjere eit meir fortetta og dominerande uttrykk for området. Kommunen meiner også at ein dispensasjon vil gje uheldig presedens for etterleving av føresegnene i planen.

Vi meiner at boda/ garasjen ikkje vil gje eit meir fortetta og dominerande uttrykk for hyttefeltet, då det allereie er satt opp ein høg natursteinsmur/ fjell i bakkant av det evt bygget. Bygget vil verken vise frå sjø eller i bakkant opp mot andre hytter og vegen der. At hytta ligg i fremste rekke og nærast sjø og at bygget vil komme bak hytta, vil ikkje vera verken dominerande eller til ulempe for nokon slik vi kan sjå det. Då det også tidlegare er gjeve dispensasjonar for liknande tiltak i Kjekse der også andre har overstige BYA omtrent like mykje i prosent, kan vi heller ikkje sjå at dette vil vera noko meir dominerande enn andre tiltak det er gjeve dispensasjon for. I første rekke til sjø på gards nr 7 og bruks nr 67 er det også gitt løyve til garasje og pumpestasjon, som er mykje meir dominerande enn vårt tiltak som blir skjult bak hytta og vil gå i eitt med omgivnadane.

Det er også ingen merknader frå naboar i saka noko som vi meiner bør vera ein stor fordel for oss for å få lov til å byggje.

I dei fleste byggetiltaka på Kjekse har kommunen tidlegare gjeve dispensasjonar då det meste som er bygd der ikkje har følgd reguleringsplanar. Kommunen har våre positive til dispensasjonar på Kjekse. Vi viser også til ønske om forhandskonferanse med saksbehandlar der vi ville luften ideen om planen. Vi fekk beskjed om at det ikkje var nødvendig, så med eit slikt svar rekna vi med at kommunen ville vera positive til søknaden.

Sveio kommune skal vera ein JA kommune og vi meiner at det klart vil vera meir fordeler en ulemper og syns kommunen har vært særstrenge då dei har avslått dispensasjons søknaden.

Vi ber derfor om at HTN kjem og ser på saka i Kjekse og ber om at at vedtaket vert omgjort.

Mvh

Geir Helge Vandaskog og Anne Grethe Staupé Vandaskog

Geir Helge Vandaskog / Anne G. Vandaskog

03.10.23